

Referat frå styremøte nr. 2, 2015

Dato: 09.04.2015

Tid: kl. 09.00 – 13.00

Stad: Parken Hotell

Til stades:

Frå styret:

Styreleiar Anders Riise, Hareid kommune
Nestleiar Geir Ove Vegsund, Sula kommune
Styremedlem Astrid Eidsvik, Ålesund kommune
Styremedlem Wenche Solheim, Ørsta kommune
Styremedlem Synnøve Vasstrand Synnes, Ørskog kommune
Styremedlem Arild Iversen, Volda kommune

Frå administrasjonen:

Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal
Rådgiver Anne Mette Liavaag
Rådgiver Erlend Krumsvik
Pedagogisk koordinator Nils Magne Abelseth
Prosjektleiar Einar Haram

Forfall:

Styremedlem Eva Kristin Fjørtoft, Sandøy kommune
Varamedlem Bjørn Inge Ruset, Norddal kommune
Varamedlem Geir Inge Lien, Vestnes kommune

Referent:

Jan Kåre Aurdal

Referatdato:

26.04.2015

Sak 10/2015: Velkommen til møtet. Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt.

Ved styreleiar Anders Riise.

Styreleiar ønska velkomen. Innkallinga vart godkjent.

Sak 11/2015: Godkjenning av referat frå forrige styremøte (nr. 1/2015 06.02.2015.)

Ved styreleiar Anders Riise.

Referatet frå forrige møte vart godkjent.

Sak 12/2015: Årsmelding og rekneskap 2014.

Ved styreleiar Anders Riise og dagleg leiar Jan Kåre Aurdal. Samt orientering frå prosjektleiarane Nils Magne Abelseth, Anne Mette Liavaag, Erlend Krumsvik og Einar Haram. Styreleiar og dagleg leiar orienterte om årsmeldinga.

Kommentarar frå debatten:

Arbeid med barne- og skuleutvikling - ønske om å få ei kobling mellom nettverka på nordre og søre. Viktig å få til ei kobling for kunnskaps- og erfaringsoverføring mellom dei to nettverka. Dette bør stå i årsmeldinga.

-Korleis skal vi drifte oss vidare?

- Gjer SR det kommunane vil vi skal arbeide med?

- Vi må arbeide med integrasjon nordre/søre samtidig som vi tar vare på det som er bra.

- Sette av eit eige styremøte for å drøfte strategien vidare.

Viktige områder:

- Samferdsel- vår posisjon ifht. helse- og samfunnsutvikling.

- Forholdet til næringsliv/staten og helse.

- Oppfordre kommunane til å drøfte årsmeldinga/rekneskap i sine kommunar.

- Viktig å vere eit regionråd for heile Sunnmøre.

Samtidig vart det peika på at besøksrunden ifht. kommunereforma må stå i årsmeldinga.

Vidare kom det fram i debatten at ein må auke trykket på å få fleire kommunar med vedkommende EPC-kontrakter(Energi-prosjektet).

Andre moment frå debatten gjekk på framtida for SR.

- Satse på regional utvikling.

- Ser vi dei viktige regionale behova.

- Vi bør ha ei grundig evaluering opp mot representantskapet.

Rekneskapen vart gjennomgått av dagleg leiar.

Vedtak: Årsmelding og rekneskap vart godkjend med dei tillegga som er nemd.

Vedtaket var samrøystes.

Sak 13/2015: SR sitt forhold til dei vedtaka som er gjort rundt ferjefri E-39. Orientering ved styreleiar.

- Viktig at SR har ei klar haldning til dette arbeidet.
- Viktig at SR står samla bak trasè valget og ikkje tar omkampar. Omkampar er risikofylt.
- Trasèen er valgt. Vi må forhalde oss til Hafast sjølv om det ikkje er løyst teknisk enda.
- E-39 er eit prestisjeprosjekt.
- Delprosjekt må kommunane sjå på og meine noko om.
- Vi må løfte fram SR, og tørre å snakke om By-pakken. Det har enorm betydning for regionen. Viktig for den regionale utviklinga, både for privat- og offentlig sektor, i det heile tatt for samfunnsutviklinga.
- Må bli ein sterkare lobbyist i viktige saker.
- Samferdsel skal vere ein viktig del av SR sitt arbeid.
- SR bør ha dialog med samferdselselskapa.

Vedtak: Styret gir styreleiar og dagleg leiar fullmakt til arbeidet med E-39. Strategi for SR's vidare arbeid med saka vil bli tatt opp i forbindelse med arbeidet om strategi for SR. Vedtaket vart samrøystes.

Sak 14/2015: Forlenging av prosjektet barnehage- og skuleutvikling. Dagleg leiar orienterte om saka.

Kommentarar frå debatten:

- SR må passe seg for å fornye stillingar og bli fanga av regelverket og må ansette prosjektleiarar i fast stilling.
- Vi bør drøfte og vurdere når prosjektet går over i drift, og da kunne fortsette i vertskommunemodellen.
- Argument for å ha slike stillingar i SR er at prosjekta har element av utvikling og derfor bør ligge i regionrådet.

Forslag frå Astrid Eidsvik om eit tillegg:

Styret ber om at SR ser på ein framtidig organisering av dette arbeidet i lys av framtidige arbeidsoppgåver/strategi for regionrådet.

Vedtak: Styret vedtek å forlenge prosjektet med inntil 2 år under foresetnad av at finansieringa er på plass. Vedtaket var samrøystes med tilleggforslaget.

Sak 15/2015: Drøftingssak – Ålesund som administrativt senter for det nye Møre og Romsdal politidistrikt.

Dagleg leiar orienterte om tidlegare møte med politimesteren på Sunnmøre.

Frå debatten:

-Skal regionrådet engasjere seg?

-Einigheit om å innvitte politimesteren for å orientere styret i neste møte.

-Vi må vere synlege i media, arbeide mot justispolitikarar, mot Mørebenken.

Vere aktive i saka.

-Sette opp sak om dette på representantskapsmøtet 29.05.2015.

Vedlagt: Foreløpig orientering frå politimesteren.

Vedtak: Styret i SR ser det som naturleg at administrasjonen for det nye Møre og Romsdal politidistrikt blir lagt til Ålesund. Samarbeide med politimesteren framover. Administrasjonen og styreleiar får fullmakt til å arbeide vidare med saka utifrå dette. Vedtaket var samstemmig.

Sak 16/2015: Orienteringssak: Status for Sunnmøre sitt arbeid med kommunereforma.

Orientering ved rådgiver Anne Mette Liavaag og rådgiver Erlend Krumsvik.

Orientering om kva som vert arbeidd med no. Det vert arbeid med fleire modellar for samanslåing. Bl.a. Regionkommunemodellen og Landkommune-modellen. Erlend Krumsvik orienterte om arbeid på Søre-Sunnmøre. Rådgiverane orienterte og om Arena Sunnmøre som skal arrangeres 23.04.2015 på Color Line Stadion.

Vedtak: Orienteringa vart tatt til vitande.

Sak 17/2015: Evaluering av studieturen til Danmark. Rådgivar Anne Mette Liavaag orienterte.

Vedtak: Orienteringa vart tatt til vitande.

Sak 18/2015: Bruken av skjønnsmidlane til å arbeide med kommunereforma som SR har fått frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Styret si rolle.

Orientering frå dagleg leiar. Viste til saksforebuinga som vart utsendt. SR har fått tildelt 2 million kr. i 2015 for å arbeide med kommunereforma. Fylkesmannen sine forventningar mellom anna er at SR har fått midlar tilsvarande to stillingar. Det vert forventa at SR utifrå dette knyter til seg meir kunnskap og kompetanse framover.

Difor har administrasjonen engasjert Erlend Krumsvik som rådgivar til å arbeide med reforma saman med Anne Mette Liavaag. Dette for at SR skal kunne imøtekome den store aktiviteten både på søre og nordre Sunnmøre.

Til slutt i møtet vart det vedtatt at:

Neste styremøte den 22.05.2015 vert flytta til 06.05.2015. Møtet den 06.05.2015 vert eit reint strategimøte etter ønske frå styret.